

Referat frå SU/SMU - møte

Til stades: Paul Willy Setane, Kristina Kihle Vik, Marius Vøllestad, Håkon Adriano Matre, Magnus Holskar, Anne Solveig Nordbø, Mette Valle Haugstøyl og Andrea Aarak (referent)

- Konstituera nytt styre
- Møtedatoar for skuleåret: 27.11, 08.01, 04.03.24, 20.05.24
- Rektor informerte om skulemiljøet ved Tveit skule. Han fortel at skulen skårar høgt på godt skulemiljø. Men vi har også utfordringar her, slik som alle andre skular. Skulen arbeider med kvar enkelt sak som oppstår. Det er viktig at ein tar tak i det så fort som mogleg. Rektor har møte kvar fjerde veke med føresette og dei involverte. Representantar frå elevrådet uttaler at dei trur skulemiljøet her er betre enn på mange andre skular. Dei fortel at det er ulike vennegrupper på ungdomsskulen, men at det er normalt for ungdomsskular. Marius fortel at nokre elevar må få meir hjelp enn andre med sosialisering. Det er både positive og negative sider med små miljø. Viktig med sosialisering på tvers av trinn. Foreldra er flinke til å bidra til god sosialisering.
- «Joleball» 19. desember. Skulen ordnar med mat og kaker. Målet er at alle skal ha det gøy og at elevar skal unngå kjøpepress av dyre kjolar. Flott infinitiv frå ungdomsskulen med utlån av tidelegare kjolar til kvarandre. Lærarane serverer på joleballet og 10. klasseforeldra kjem etter kl. 23.00 for å rydde. Joleballet/ 10.klasse skal passe på og inkludere alle. Marius skal godkjenne alle prisar og Åshild har ansvar for å godkjenne spelelister.
- Endringar i ny opplæringslov. Dette blir det meir informasjon om på neste møte.
- Ordensreglementet. Det er viktig at elevane er lojale mot ordensreglementet og blant anna ikkje nyttar mobilien i skuletida. Tilsette og elevar må vere lojale mot reglane vi har på skulen.
- Status for skulebygga. Det er eit nytt arkitektfirma som skal ta over jobben. Marius har allereie vore i møter med arkitektfirmaet. Firmaet ser føre seg at dei skal starte ved skuleslutt i år og vere ferdige skuleåret 2025/2026. Marius fortel at dei har godt omdømme og god erfaring med bygging av skulebygg. Marius har hatt arkitektfirmaet på synfaring i skulebygget.
- Kor skal elevane vere under ombygginga? Her er det fleire forslag som kan vere aktuelle og som har vore ute på høyring. Det er viktig at elevane og tilsette sine behov blir ivaretatt i denne prosessen. Representantar frå elevrådet fortel at fleire elevar har eit ønskje om å vere i nærleiken av idrettsbanen. Før ein kan ta stilling til ei endeleg løysing, så er det avgjerande at skulen får eit kostnadsoverslag over kva dei ulike alternativa vil koste. Administrasjonen ved skulen skal vere på same plass under ombygginga. Tilsette ved skulen får mindre tilgang på kontor, så her må ein gi rom for heimekontor og ha enkelte fellesmøte. Kulturtilbodet i Fleir brukshuset skal vere opent, med nokre unntak fortel Marius. Biblioteket kan ikkje vere der dei er i dag under byggjepérioden.
- Nullvisjon om drepne og skadde ved bruk av motoriserte køyretøy i Vest-Telemark. Viktig med trygg skuleveg også under byggjepérioden. Revidert plan for «Trafikksikker kommune» er blitt godkjent.
- Visma- vurderingar. Føresette får nå vurderingar på Visma frå 1. -10. trinn. Hensikta er at føresette har meir oversikt i ulike fag undervegs i perioden.